



SENTERSTRUKTUR I ALVER KOMMUNE

Høyringssvar frå Kløvheim Bygdelag om nærsentra.
Vedteke i styremøte i Kløvheim bygdelag 9. februar 2022.
Kløvheim, 9. februar 2022

SAMANDRAG

Kløvheim Bygdelag meiner at saka om nærsenter i bygdene våre ikkje er utgreia på demokratisk og fagleg forsvarleg vis. Vi opplever at vi er tvangspåmeld i ein konkurranse utan kjende reglar, og vi likar naboane våre på Myking. Vårt primære krav er at saka må utsetjast til saka er godt utgreidd. Sekundært hevdar vi at Kløvheim er eit naturleg nærsenter for bygdene mellom Eikanger og Vågseidet. Vi meiner frimodig at Kløvheim-bygda fyller mange av kriteria som er sett for val av nærsenter, og vi ønskjer utgreiarar og politikarar hjarteleg velkommen til å bli kjent med bygda vår og oss som lever og bur her.

Innhald

1.	Innleiing, høyringssvar frå Kløvheim Bygdelag om nærsentra.....	2
2.	Bakgrunn for senterhierarki og definering av nærsenter	2
3.	Kløvheim Bygdelag sine vurderingar om nærsentra i Alver	3
4.	Kortfatta presentasjon av Kløvheim-bygda.....	5
5.	Oppsummering, konklusjon og oppmoding	9
	Vedlegg - Presentasjon av Kløvheimbydga.....	10

1. Innleiing, høyringssvar frå Kløvheim Bygdelag om nærsentra

Kommuneplanen for Alver kommune er under revisjon, og kommuneplanen sin samfunnsdel er på høyring til 15. februar.

For Kløvheim-bygda sin del, er det særleg rapporten om såkalla nærsenter som er interessant og utfordrande.

Dette skrivet er eit tilsvarende frå Kløvheim Bygdelag på Alver kommune sin oppmoding om å kome med innspel til administrasjonen si utgreiing om nærsenter, blant anna publisert i dokumenta «Nærsenterverkstader, Innspel til samfunnsdelen, 11. mars 2021» og «Senterstruktur i Alver - Siling og tilråding, Vedlegg til politisk sak i formannskapet 11. november 2021»

2. Bakgrunn for senterhierarki og definering av nærsenter

Vi i bygdelaget har gjort eit forsøk på å setje oss inn i saka rundt senterstruktur, senterhierarki og såkalla nærsenter.

Etter det vi har funne ut, har saka om nærsenter i Alver kommune si rot i dokumentet «Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel, 2015-2026». Planen hadde følgjande hovudmål: «Hordaland skal ha eit nettverk av attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilrettelegge for vekst i heile fylket.» (side 5)

På side 9 i den same rapporten vert omgrepene senter definert slik: «Geografisk stad med funksjonar som offentlege og private tenester, handel mv. som fungerer som eit knute-punkt for eit omland. Senter skal fastsetjast i regional eller kommunal plan.» Vidare vert følgjande senternivå definert: Fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelssenter, lokalsenter eller nærsenter.

I argumentasjonen for denne senterstrukturen står det mellom anna (side 11-12):

- Tydeleg satsing i utvalde senter vil gjere dei attraktive som lokaliseringsstad for tenester, handel og arbeidsplassar og kan setje i gong ein positiv etableringsspiral.
- For å sikre ein balansert utvikling i heile fylket er prinsipp om høgast mogleg kvalitet, nærmest mogleg brukar, innanfor samfunnsøkonomiske forsvarlege rammer, lagt til grunn for senterstrukturen.
- I andre delar av fylket (enn Bergensområdet) skal senterstrukturen leggje til rette for at innbyggjarane kan nå funksjonar og tenester innan rimeleg reisetid og bil er transportmiddelet som ofte blir nyttा.
- Senterstrukturen i Hordaland skal leggje til rette for at tenester, handel, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod blir lokalisert saman for å skape best mogleg tilbod for innbyggjarane.
- Den hierarkiske senterstrukturen med ulike senternivå skal sikre ei geografisk spreiing av funksjonar og tilbod, leggje til rette for levedyktige senter og sikre balanse mellom dei ulike sentera. Ein hierarkisk struktur fremjar redusert transportbehov, nærleik til tenester og samlokalisering.

Den andre hovudrota til planane om å definere nærsentra er naturleg nok intensjonsavtalen mellom kommunane Radøy, Meland og Lindås om etablering av det som vart Alver kommune. I denne avtalen vart det avklart og avtalt ein senterstruktur med Knarvik som region- og kommunesenter, Manger, Frekhaug, Lindås og Ostereidet som lokalsentra, samt Vikebø og Bøvågen som nærsentra.

Med utgangspunkt i dette vart det våren 2021 lagt fram ei moglegheitsstudie for lokal- og nærsentra i Alver. Studien gav ei fagleg tilråding om at Alver kommune bør ha ein tredeling på senterstrukturen, slik det er formulert i intensjonsavtalen for Alver kommune. I dette mogelegheitsstudiet er senterhierarkiet og senter-nivåa definert og skildra slik:

- Kommunesenter er administrasjonssenteret i ein kommune.
- Lokalsenter har ulike funksjonar, handel og tenester, idrett- og kulturtilbod som er dimensjonert for eit større lokalområde i kommunen. Eit lokalsenter kan innehalde meir enn 3.000 m² bruksareal for detaljhandel og har fleire funksjonar enn eit nærsenter.
 - *Kan til dømes vera: Ungdomsskule, breiare tilbod innan idrett og kultur, apotek, kafe, lege, tannlege, frisør, sjukeheim, tenestetilbod innan helse i tillegg til funksjonar ein finn i nærsenter (Tabell 1 Innhold i dei tre senternivåa)*
- Nærernter er eit mindre senter med opptil 3.000 m² samla bruksareal for detaljhandel. Eit nærsenter vil typisk innehalde daglegvarebutikk, private og offentlege helse- og velværetenerster, idrett- og kulturtilbod som dimensjonert for nærmiljøet.
 - *Kan til dømes vera: Barnehage, barneskule, daglegvare, møteplassar, lokalt tilbod innan kultur, idrett og friluftsliv knytt til skule og eldsjeler. (Tabell 1 Innhold i dei tre senternivåa)*

Vidare er det i utgreiinga fastlagd følgjande kriteria for utpeiking av nye nærsenter:

- Det må vere ein fysisk avgrensa stad, ei bygd med lokal historie, kultur og identitet. Mange funksjonar, spreidd over eit stort område, er ikkje eit senter.
- Eit nærsenter bør innehalde viktige funksjonar innbyggjarane treng i kvardagen, t.d. barnehage, barneskule, daglegvare, møteplassar, samt tilbod innan kultur, idrett og friluftsliv.
- Det må vere høgt nok folketal for å støtte opp om funksjonane.
- Senterstrukturen bør sikre at flest mogleg av innbyggjarane får eit tilbod i nærleiken av der dei bur.
- Nærerntera må ikkje ligge for nær kvarandre geografisk for å redusere konkurranse.
- Talet på nye nærsenter må avgrensast; for mange senter vil gje færre tilbod på kvar stad og konkurranse om lokalisering av tenester og tilbod.

Vurdert opp mot dei fastlagde kriteria er følgjande bygder foreslått som nærsenter i Alver kommune: Seim, Austmarka, Myking, Leknes/Hjelmås, Holme, Sletta, Moldeklev og Alversund.

3. Kløvheim Bygdelag sine vurderingar om nærsentra i Alver

Det har vore ei interessant øving å setje seg inn i tankegangen bak nyordet nærsenter, og analysane og argumentasjonen bak tilrådinga som ligg føre.

Det kan synast slik at Alver kommune definerer sine roller som planansvarleg, på det vis at kommunen skal styre samfunnsutviklinga heilt ned til bygdenivå. Slik vi les dokumenta, ber administrasjonen kommunestyret i Alver kommune utpeika ei bygd som nærsenter, og ikkje nabobygdene.

Om vi les dokumenta rett, vil dette få store følgjer på lang sikt for utviklinga av mange bygder i Alver. Vi stiller spørsmål om dette er rett. Det kjennes ikkje rett. No er ikkje vi kunnige i kommunelova, så vi etterlyser difor ei vurdering av dette.

I administrasjonen sitt framlegg for formannskapet (Senterstruktur i Alver - Siling og tilråding, Vedlegg til politisk sak i formannskapet 11. november 2021) står det «Med utgangspunkt i dette vart det våren 2021 lagt fram ei moglegheitsstudie for lokal- og nærsentra i Alver. Studien gav ei fagleg tilråding om at Alver kommune bør ha ein tredeling på senterstrukturen, slik det er formulert i intensjonsavtalen for Alver kommune.» Understrekninga er vår.

Frå bygdelaget sin ståstad, undrar vi oss på kva denne «faglege tilrådinga» er basert på. Vi kan ikkje finne kva for fagpersonar som har gjort undersøkingane og analysane. Vi finn heller ikkje kva for fagleg bakgrunn desse personane har. Vi kan heller ikkje identifisere kva for faglege metodar som er nytta. Det er vanskeleg å finna kva data og informasjon som er lagt til grunn for analysane og konklusjonane i eit dokument med undertittelen «siling og tilråding». Kva for sil er nytta? Etter vår oppfatning fortener ei så viktig sak ei fagleg tilråding som nettopp kvilar på faglege metodar.

Kan hende har det det vore fagpersonar frå administrasjonen, med relevant kompetanse og høg fagleg integritet, på vitjing og synfaring i bygda vår utan at vi har merka det? Kan hende har desse fagmenneska gjennomført klimarekneskap og samfunnsøkonomiske analyser av nærsenter-alternativ utan nokon har sladra til oss. Men vi finn ikkje referat frå synfaringane, dokumentasjon på komparative analysar eller anna teikn på at Kløvheimbygda har vore vurdert på fagleg grunnlag.

Likevel forstår vi det slik at administrasjonen i Alver kommune har utsett Kløvheimbygda for ei eller anna form for «siling». Kva er grunnen til at nettopp vår bygd vart «silt vekk»? Kva for sil vart nytta? Og kva var det med Kløvheimbygda som ikkje festa seg i denne silen?

I «Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel, 2015-2026» står det (som før nemnd) mellom anna at: «ein hierarkisk struktur fremjar redusert transportbehov, nærleik til tenester og samlokalisering.»

Med utgangspunkt i dette, kan transport vera ei mogeleg fagleg tilnærming til ei «siling» av bygder som fortener statusen som nærsenter. Informasjonsinnsamling og analyser av trafikkmønster, bilbruk, offentleg transport, klimagassutslepp osv. kan vera døme på dette.

Utan at vi har gjort nærmare undersøkingar og analysar som dokumenterer vår påstand, hevdar vi (på ufagleg grunnlag) at det ikkje er saklege argument for å hevde at Myking er ein meir naturleg lokasjon for eit nærsenter enn Kløvheim med tanke på å fremje «redusert transportbehov, nærleik til tenester og samlokalisering».

Vi vil tvert i mot, framleis på ufagleg grunnlag, hevde at resultatet av ein analyse av trafikkmønsteret i 2021, ville syne at Kløvheim er eit viktigare trafikk-knutepunkt enn Myking, samt at hovudstraumen av biltrafikk går frå Myking/Kløvheim i retning Knarvik. I den grad trafikken går forbi Myking, er t/r jobb for dei som bur i austre del av kommunen som nyttar fylkesveg 397 som ferdsleveg mellom Eikanger og Mongstad. Vår påstand er difor at

tidsbruk og drivstoffbruk ved bilkøyring vil gå monaleg opp om ein flyttar aktivitetar og funksjonar frå Kløvheim til Myking. Og med det føre til eit negativt bidrag til samfunnsøkonomi og klimarekneskap. Kan hende kvilar ikkje den utgreiinga og tilrådinga frå administrasjonen på faglege plattformar som trafikkanalysar, samfunnsøkonomi og klimarekneskap?

I det heile har vi ikkje tillit til utgreiingane frå administrasjonen i denne saka. Som vi har argumentert for, hevdar vi at utgreiinga ikkje kvilar på fagkunnskap. Den største problemet med dette, er at vi ikkje finn kva for data og informasjon som analysane kviler på. Vi opplever også at metodegrunnlaget og analysane i beste fall er uklare og udokumenterte.

Som representantar for Kløvheimbygda, er vi likevel mest uroa over at administrasjonen i Alver kommune har sviktande lokalkunnskap, og det som verre er, ikkje viser interesse for våre lokale forhold. I denne viktige saka for oss i bygde-Alver, opplever vi at saker vert utgreia frå kommunesenteret Knarvik utan at ein viser interesse for anna en det ein kan finne av statistikk og kartgrunnlag på internettet. Vi er heller ikkje trygge for at politikarane i Alver kommune er kjende med kva som skjer på strekninga Eikangervåg – Vågseidet.

Kløvheim bygdelag likar ikkje konkuransen vi no er tvangspåmeld i, kampen med nabobygda Myking om nærsenter. Vi likar naboane våre frå Myking, og vil leva i fred, samarbeid og gagn med dei.

Når denne situasjonen er stelt i stand, vil vi i vedlegg til dette dokumentet skildre kva som finns og hender i Kløvheim-bygda. Men vi presiserer at dette ikkje er eit fullgott alternativ til ein tur og ei omvising rundt i Kløvheim-bygda, innsamling av data og grundige samanliknande analysar.

4. Kortfatta presentasjon av Kløvheim-bygda

Her er ein kort presentasjon av Kløvheim-bygda, med informasjon som kan vera godt eigna for «siling og samanlikning».

Det finns no to stader i Alver som heter Kløvheim. Vårt Kløvheim ligg inst i Fensfjorden, langs fylkesveg 397 mellom Eikanger og Vågseidet. Her er nokre avstandar langs bilvegane frå og til Kløve-krysset (Mykingvegen/Svindalsvegen):

- Lindås 18 km
- Ostereidet 14,5 km
- Knarvik 19,5 km,
- Eikanger kryss (E39/FV397)
- Myking kryss 5,4 km.

Litt hovudrekning viser då at midtpunktet mellom lokalsentra Ostereidet og Lindås ligg midt mellom Kløvheim og Myking.



I dag er vi omlag 180 hustandar i skulekrinsen, som vi i dag nemner som Kløvheim-bygda. Busetnaden i bygda er spreidd på dei gamle gardane, her nemnd i rekjkjefølgje frå fjell til fjord: Reikerås, Øvreteit, Nedretveit, Grov og Famme-stad. Hauge, Myr, Lid, Kleiven og Bjørnevoll. Samt Svindal og «nybyggjarfelta» på Kløve.

Barnehagen og skulen, med anlegg knytt til desse, er lokalisert sentralt i bygda.

Barnas Barnehage Kløvheim, med privat eigarskap og drift, er lokalisert i Kløvheim bedehus. Det har vore barnehage i bygda sidan 1970-talet.

Kløvheim Skule, med 1. til 7. klasse, vart bygd i 1965. Skule-bygget har kapasitet til om lag 90 elevar, med god plass slik den er. Lokaliteten er godt eigna for utviding, utan bandlegging.

Det er leikeplassar knytt til barnehagen og skulen. Skuleplassen er 40x70 m, med ballbinge og aktivitetsområde i den gamle skulehagen.



Vi har allmenningen vår, torget vårt, midt i bygda, kringsett av skule, barnehage og to forsamlingshus og med gangavstand for dei fleste møteplassane.

Frå skulen/trekanten til butikken/postutlevering er det 4-500 meter, og til ungdomshuset er det om lag 800 meter.

Trekanten aktivitetspark vart bygd i perioden 2011-2018, i godt samarbeid med grunneigar, kommunen og bygdefolket.



I Kløvheimbygda er det opparbeidd 35 km turløyper og stiar, mange av dei med utgangspunkt i Trekanten Aktivitetspark. Det er sett ut opplysningskilt langs løypene, med tanke på læring om natur og kultur for små og store. Arbeidet med turstiane starta 1985, og vert no utvikla og vedlikehaldne av bygdelaget si eiga turløypegruppe.

Det er to regulerte byggefelt med ledige tomtar, Kløve byggefelt og Jyddalen byggefelt. Kløve byggefelt omfattar no ca 33

einebustader, og det er regulert utviding med ca 30 bueiningar. På «tettstaden» Kløve er det ca 65 einebustader. Jyddalen byggefelt er eit nyregulert felt på Fammestad, med ca 10 bueiningar, til no bygt 2 tomannsbustader.

Frå gamalt av levde folket vårt av landbruk og fiske, som elles i Nordhordland. Det var tidleg industrialisering i Kløvheimbygda, med vassfall og naturlege føresetnader for mølleverksemd, stampe og sagbruk. Frå 1930 og utover vaks møbelindustrien i bygda til industrisenteret i Norhordland, med lokalt eigarskap og leiarsskap med nesten 200 arbeidsplassar på det meste i 1970-åra.

Heile Kløvheimbygda er tilkopla communal vassforsyning frå Storevatnet, og mange er tilkopla kommunalt avlauppssystem. Vi har eit kraftnett med god kapasitet, og tilgang til fysisk breiband (fiber) i det meste av bygda.



Det er tre forsamlingshus i bygda, alle lokalisert i gangavstand frå butikk, post og skule. Desse er Kløvheim bedehus (1954) ved Kløvheim indremisjon, Eben Eser (1968) ved Pinsemenigheten Eben Eser Fammestad og Ungdomshuset Nyheim (1967) ved Kløvheim ungdomslag.

Nærbutikken og postmottaket i Kløve-krysset er det daglege møtepunktet for alle i bygda, driven av K. Andvik Eftf (Nærbutikken Eikangervåg), som har drive nærbutikk i lokal samanhengjande sidan 1964. I nærbutikken er det medisinutsal og dei har kommisjonæravtale med Norsk Tipping. Nærbutikken har avtale med Posten, PostNord Logistics og Helt Hjem, og er pakkeutlevering-/mottak for bygdene Stranda, Ostereidet, Eknes, Eikanger, Høyland, Kløvheim, Myking og Natås.

I bygda er det tre store industrianlegg, bygd til møbelindustrien på 1960- og 70-talet, med til saman vel 15.000 m² grunnflate. I desse industrabygga held i dag til H. Gulbrandsøy AS med utsal av byggje- og landbruksvarer, Norsk Dør AS med dørproduksjon og båthotell, samt Fammestad Næringsbygg AS, med blant anna Gamle 3Hus AS, som driv rekonstruering av gamle bygg. Veland Transport har også verkstad i desse lokalra. Lindås Rør har lagerlokale i same næringsbygg. Høyland Auto og Vestnorsk Brunnboring er og verksemder som ligg nært innafor 5 km radius frå sentrum i Kløvheim-krinsen.

Det er mange aktive lag og organisasjoner i Kløvheim-bygda, som aktiviser personar i alle aldrar også folk utanfor bygda. Laga er nærmere presentert i vedlegget til dette dokumenta, og lista opp her med oppstartsår i parentes:

- Kløvheim bygdelag (1997)
- Kløvheim skulekorps (1968)
- Songkoret Albatross (1988)
- Kløvheim ungdomslag (1922)
- Kløvheim indremisjon (1927)
- Kløvheim søndagsskule (1915)
- Kløvheim pensjonistlag (1990)
- Eben Eser Fammestad (1974)
- Tur- og aktivitetsgruppe – TAG (2019)
- Nyheim kino (1983)
- Tveitestø båtforening (1975)

Kløvheim er også kjend som arrangement-bygda, med tiltak for mange året rundt. Arrangementa er nærmere presentert i vedlegget til dette dokumentet, og lista opp her med tidspunkt i parentes:

- Farsdag-lotteri (januar/februar)
- Skulekorpsbasar (mars)
- Sykkel-vårmønstring (årleg april/mai)
- 17.mai feiring (mai)
- Jonsoks-feiring (juni)
- Minikonsert (desember)
- Kino-framsyningar (kvar helg ++)
- Stordugnad på Utkantfestivalen (juli)
- Refleksdag (årleg i oktober)
- Morsdags-lotteri (november)
- Bygdelags-kalenderen (november/desember)

5. Oppsummering, konklusjon og oppmoding

Kløvheim Bygdelag har prøvd å sette seg inn i saka «Senterstruktur i Alver – siling og tilråding». Det har på fleire vis vore krevjande. Vi legg ikkje skjul på at vi er kraftig provosert over tittelen på rapporten, manglande og ubalanserte analysar i utgreiingsarbeidet og fleire av konklusjonane i rapporten.

Vi opplever at bygda vår er totalt oversett i dette utgreiingsarbeidet. Korleis kan administrasjonen gjennomføre ei «siling» av bygdene som er aktuelle for status som nærsenter, utan at det er gjort grundige og balanserte undersøkingar som samanliknar aktuelle bygder? Korleis kan administrasjonen kome med ei tilråding til formannskapet utan ei balansert utgreiing? Er det statistikk for talet elevar på skulen som ligg til grunn? Det er ei vesentleg skilnad i storleik på skulekrinsane, der Kløvheim er den minste i areal. Bygdene Myking og Eikanger er meir spreidde enn Kløvheim, både når det gjeld busetnad og senterfunksjonar etter kriteria i utgreiinga. Vi skjønar rett og slett ikkje kva som ligg til grunn for silinga og konklusjonane i utgreiinga.

Kløvheim bygdelag ønskjer primært at saka om utpeiking av nærsenter i vårt område vert utsett til administrasjonen har fullført ei fagleg forsvarleg og balansert utgreiing. Alver kommune er hjartelag velkommen på vitjing, og vi stiller gjerne opp på «nærserververkstad», og vi stiller alle våre kompetanseressursar til disposisjon for ei slik utgreiing.

Dersom ei utsetjing av denne viktige saka ikkje er mogeleg, utfordrar vi den politiske leiinga i Alver kommune til å gå mot administrasjonen si tilråding. Kløvheim bygdelag meiner at det er sakleg grunnlag for å hevde at Kløvheimbygda i vesentleg større grad enn Myking fyller kriteria for nærsenter.

Kløvheim bygdelag hevdar følgjande:

- Kløve (Kløvheim sentrum) er eit relativt kompakt senter, med skule, barnehage, butikk, postmottak, og tre forsamlingshus i kort av stand, med Trekanten som møteplass i midten.
- Kløvheimbygda har eit svært rikt kulturliv, med mange aktive lag og foreiningar og mange regelbundne arrangement og hendingar. Nyheim kino på Kløvheim er til dømes det einaste aktive kino-lokalet i Nordhordland, og Kløvheim skulekorps blant dei beste i landet i sin klasse.
- Daglegvare-butikken på Kløve er knutepunkt for sending og mottak av post og pakkar for brukarar i store delar av indre Fensfjord/ Osterfjorden (Posten, Post Nord og Helt Hjem)
- Nærserveret Kløve ligg midt mellom lokalsentra Ostereidet og Lindås, og i tyngdepunktet mellom Eikangervåg/Høyland og Myking/Natås.
- Ein svært stor del av bygda er knytt til kommunal vva-infrastruktur av høg standard, og anna viktig infrastruktur som fiber-breiband.
- Det er i dag god kapasitet på Kløvheim skule. Det er godt tilrettelagt for utviding, då områda rundt er ledige og ikkje bandlagde. Utviding av Kløvheim skule er den rimelegaste og snøggaste løysinga for nye skulebygg i området Eikanger – Kløvheim - Myking – Natås.

Bygdelaget meiner at Kløvheim har tenester og tilbod som eit nærsenter bør ha. I saksdokumenta står det at nærsentra ikkje bør ligge for tett, for å unngå konkurranse. Vi spør difor om kommuneleiinga tenkjer aktivt å flytte tenester og tilbod frå bygda vår til nabobygdene? Kløvheim fungerer allereie som eit nærsenter, og det ynskjer vi å halde fram med.

Ei satsing på Kløve i Kløvheimbygda som nærsenter, vil samanlikna med alternativa vera positivt for innbyggjarar i bygdene våre, kommunal økonomi på kort og lang sikt, samt klimarekneskap.

Med venleg helsing

Kløvheim bygdelag, ved styreleiar Bernt Olav Fjellanger

Vedlegg - Presentasjon av Kløvheimbygda

Sjå vedlagt presentasjon i ppt-format.

